

Årsmelding UTBYGGINGSAVDELINGA (Utval for Natur og næring)

Kommuneplanen sin tekstdel – om bustadbygging, hyttebygging, geografiske informasjonssystem og natur/miljø

Bustad og bumiljø:

Gol kommune skal leggje til rette for eit variert bustadtilbod med trygge, sunne og sikre nærmiljø.

Framtidig hyttebygging

Hyttebygging skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Det er ei målsetting å sikre store samanhengande areal utan store tekniske inngrep, særleg i høgareliggjande fjellområde.

Geografiske informasjonssystem:

På veg inn i ein digital kvardag: For å yte fullgod service til brukarane og publikum, har det vore nødvendig å etablere kart- og geografiske informasjonssystem.

Natur og miljø:

Naturlege biotopar for vilt, planter, fugleliv og fisk skal takast vare på. Gol kommune skal medvirke til heilskapleg forvaltning av naturressursane gjennom forvaltningsplanar og konkrete tiltak.

Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og nærvær/fråvær 2013 (%)

Ansvar:	Teneste:	Evt. endringar:	Stillingsh. (2013)	Nærvær 2013
4100	Utbyggingsavdelinga		4,3	99 %
	3011 – plan	1 vakanse (førebelstrekt inn)	0,8 + 0,33	99 %
	3021 - byggesak	2 vakanser (1 vakanse førebels trekt inn)	1,2 + 0,33	99 %
	3031 – kart og oppmåling	0,7 vakanse (førebelstrekt inn)	1,3 + 0,34	98 %

Fordeling – lønsartar (alle tal i heile 1.000 kr):

Hovudart:	Tekst:	R 2012	B 2013	R 2013
10xxx	Løn inkl. sos.utg.	2.881	3 111	2630
11xxx – 12xxx	Kjøp av varer og tenester	402	1 326	316
13xxx	Kjøp av tenester	105	0	148
14xxx	Tilskot og tilleggsføringar	11		36
	Sum driftsutg.	3.399	4437	3130
16xxx	Sals- og leigeinntekter	-2.205	-2.123	-2.810
17xxx	Refusjonar og tilskot	-295	-182	-182

18xxx	Overføringer frå andre	0	0	0
-20	Sum driftsinnt.	-2.500	-2 305	-2.992
15xxx	Finansieringsutg. (avsetn. til fond)	0		
19xxx	Finansieringsinnt. (bruk av fond)	0		
	NETTOUTG.	899		138

Utvikling løn og sosiale utgifter korrigert for refusjonar sjukefråver (alle tal i heile 1.000 kr):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Netto-løn:	2.145	2.511	3.927	3.432	2.881	2.992

Avvik - nærvær og regnskap:

Nærvær:

Generelt for avdelinga må ein seie at vi har svært høg grad av nærvær, noko som mellom anna bør tyde på trivsel og samhald. I og med at vi er få, vil eit eventuelt fråvær få store konsekvensar for statistikken vår på dette punktet.

Regnskap:

- Nettoutgift syner eit resultat på 0,14 mill i høve til budsjett på 2,1 mill. Gebyrinntektene er framleis i overkant av det som er budsjettert. Det har vore stor aktivitet på igangsetting av nye hytter. Avdelinga har prioritert å halde tidsfrister i plan og byggesak slik at vi slepp sanksjoner på gebyra. I 2013 har det vore oppstart av fleire områdereguleringar. Desse planane har kommunen ikkje heimel til å ta gebyr. Dette kan gi seg utslag i sviktande gebyr inntekter i 2013 på plansak, men totalt sett har vi tatt inn såpass med gebyrer at det er nødvendig med fondsavsetning på byggesak. Kommunen har ikkje lov til å tene pengar på tenesten. Eit eventuelt overskot skal tilbakeførast og komme utbyggjerane til gode. Reglane tilseier at ein skal sjå denne rekneskapen over ein 3-5 års periode. I følgje sjølkostrekneskapen må kommunen sette av kr. 326.981 og 727.629 i 2013.
- Avdelinga har hatt noko mindreforbruk av enkelte postar. Særleg kurs og konferanser har det vore liten tid til å prioritere.

Mål og måloppnåing 2012:

Teneste - Byggesak

- Gode på tidsfrisatar
- Kvalitet på saksbehandling
- Gjennomført førehandskonferanser i større byggesaker
- Oppfølging av tenestetorg

Teneste - Oppmåling/Matrikkel

- Kvalitetsheving, ajouføring og opprydding i matrikkelen

- Adressering og namnesaker
- Sal av kartdata og bidrag til Govekst-samarbeidet
- Konstruksjon av kart og utarbeiding av kommunale planar
- Gjennomføring oppmålingsforretningar, tilleggsareal m.m

Teneste - Plan

- Stadfesta 3 planar sendt 4 planar på høyring og 6 oppstartmøter i nye plansaker
- Fortsatt tendens til mange reguleringsendringar, sjølv etter nyleg vedteken plan
- Ivareta aktuelle innspel til revisjon av kommuneplan og kommunedelplan

Statistikk:

Kart og oppmålingsforretningar

	2010	2011	2012	2013
REKVISSJONAR	57	100	117	85
AVSLUTTA	63	77	107	58
MIDL. FORRETNING	27	22	20	20
VENTEARKIV	151	148	127	144
SEKSJONERTE	7	10	12 + 10?	51
IKKJE FULLFØRTE	13	14	12	19

Byggesaker

SAKER	2010	2011	2012	2013
DELEGERTE SAKER	368	282	381	382
IKKJE SØKNADSPLIKTIG	48	62	41	
UTVALSSAKER	70	57	42 + 3	51

Fordelinga av saker er slik:

	2010	2011	2012	2013
BUSTADHUS/LEILIGHETER	12	22	9	6/12
HYTTER	55	42	42	48 + 1
UTSLEPP OG VA-ANLEGG	26	24	18 + 2	34
POLITISKE OG ADM. DISP.	58	22	9 +	30
KLAGESAKER TIL FYLKESM.	11	2	5 +	3

Mål og tiltak 2014:

Personal

- Behalde verdifulle medarbeiderar, gjerne med meir forpliktande samarbeid med dei andre Hallingdalskommunane. Rekruttere saksbehandlar på utsleppsaker, jfr. VA prosjekt felles med Hemsedal kommune. Påbegynt omorganisering skal rekruttere ein sjefsstilling og tilføre plankompetanse. Leige inn saksbehandlerkapasitet frå andre kommuner dersom presset blir for stort.

Organisasjon

- Tilby praksisplass, vidaregåande skule
- Tilretteleggje for tenestetorget, enklare byggesaksbehandling over disk.

- Gjennomføre omorganisering for dei tre avdelingane, Næring og miljø, Utbyggingsavdelinga, kommunalteknisk avdeling og Gol byggdrift kommunalt føretak.
- Effektivisere fakturering og purrerutinar

Kompetanse

- Kompetanseheving på Utbyggingsavtaler, konsekvensutredningar og anna analysearbeid.
- Starte kompetanseheving tingsrett?

Teneste - Byggesak

- Fortsatt halde tidsfrister
- Utarbeide retningsliner for estetikk
- Tilsyn med Hallingdal brann- og redningsteneste – Campingplassar i Gol
- Senke andelen av «uppstugu»
- Delta i fleire kurs og konferansar

Teneste – Oppmåling/Matrikkel

- Større andel adressering enn 2013. Starta 2013 med 37% - starter 2014 med 43%. Kartverket hadde som målsetting at adresseprosjektet skulle vera fullført i 2014.
- Namnesaker for Utval for kultur og levekår, invitere organisasjonar til å koma med framlegg. Noko samarbeid med nabokommunar om namn på vegparsellar.
- Kontinuerleg oppdatering og kvalitetsforbetring av Matrikkelen

Teneste – Plan

- Oppdatere og vedlikehalde digitalt planarkiv
- Informere om plansaker på kommunen sine nettsider
- Gi uttale og innspel til nabokommunane sine planar
- Sluttbehandling av Områdereguleringsplanar for Storøyne –Pers Resort og Hallingmo. Saksbehandle detaljreguleringsplaner:
 - 2 hytteplaner planer på Einarset,
 - Oset Del II
 - Nerebekken
 - Skagahøgdi fjellgrend
 - Forretningsbygg og leiligheter Eidsgård
 - Sagtomta bustadfelt.
 - Gangvegplan FV51, Hesla bru – Petterbråten

Nye planer kan sjølsagt koma til

Utfordringar og effektiviseringsaukande samarbeid 2013:

- Samarbeid med Hemsedal kommune , VA i spreidd bebygde områder. Gol har ingen saksbehandlar på utsleppssaker etter forurensingslova. Utbyggingsavdelinga har heller ikkje ressurser til å utøve tilsyn. Eit framtidig fleirårig prosjekt med Hemsedal om saksbehandling, forvaltning og tilsyn er stor

utfordring i 2013 og framover. Forprosjekt er ferdig rådmannane skal jobbe vidare med saken i 2014.

- Interkommunalt tilsynsordning på byggesak, om lag 20% stilling for Gol
- Regionalt samarbeid i Hallingdal generellt, virtuellt plan- og byggesaksbehandling er også stor utfordring og eit mål på sikt. Forprosjekt er satt på vent men planforumet har tatt form og det er laga eigen møteplan for 2014 med både arbeidsmøter og temamøter. Det er særleg nytte for Gol som har lite med personalressurser på dette fagområdet.